

Ein varm og rettferdig asyl- og flyktningepolitikk.

- Fleire kvoteflyktningar til Noreg

Krigen i Syria og andre konflikter har ført til at mange menneske på flukt står fast i land der dei ikkje kan bli verande. Ein streng asylpolitikk for einslege mindreårige er umenneskeleg og må opphøyre.

Noreg har rigga kommunar for å ta imot meir flyktningar enn det som no kjem til landet. Og vi har kapasitet til å ta imot fleire. I staden for å legge ned og nedbemanne flyktningmottak, bør Noreg ta imot eit høgre tal på kvoteflyktningar.

Det er ingen grunn til å tru at behovet blir mindre for å finne nye bustader til flyktningar. Noreg har bygt opp kapasitet og kompetanse på mottak og integrering. Vi bør difor ta imot langt fleire kvoteflyktningar enn dei 3120 som var vedtatt for 2016 for å ta vår del av ansvaret for dei ufattelege mennesketragediane.

Praksisen med å returnere einslege mindreårige ved fylte 18 år er ei umenneskeleg behandling som påfører dei eit stort stress og utryggleik. Venstre meiner at mindreårige einslege asylsøkerar og flyktningar skal gis permanent opphald dersom det ikkje finns forsvarleg omsorg ved retur til heimlandet, og at desse skal ivaretakast av barnevernet.

Myndighetene nyttar i dag ein sær usikker praksis med å avgjere alder ved røntgenbileter av hender. Dette er ein praksis ingen sjukehus vil ta del i og legeföreninga tek sterk avstand til den fordi den har så store feilmargar og ikkje er vitskapeleg sikker. Møre og Romsdal Venstre krev at denne praksisen må opphøyre. Fleire feil er avdekt, fleire born er anslått til å vere eldre enn dei faktisk er, og vert returnert til heimlandet sitt utan at det finns omsorg for dei.

Møre og Romsdal Venstre vil

- auke talet kvoteflyktningar som Noreg tar i mot.
- gje einslege mindreårige asylsøklarar permanent opphald dersom det ikkje finst forsvarleg opphald ved retur.
- at barnevernet skal ha omsorg for alle born under 18 år.
- stanse den uetiske praksisen med å bruke røntgen til å bestemme alder.